Stord Lufthamn

# SNARVEGEN

© Stord Lufthamn

www.stordlufthamn.no

# VELKOMMEN TIL STORD LUFTHAMN

Stord Lufthamn er den lokale lufthamna for Sunnhordlands-regionen og ligg på vestsida av øya Stord. Frå Leirvik sentrum er køyretida ut til flyplassen ca. 18 minutt. Luft-hamna vart opna i 1985 og har ein rullebane på 1460 meter.

Stord Lufthamn er viktig for næringslivet samt for bered-skapen i Sunnhordland. Flyplassen vert ofte brukt av fly og helikopter i samband med søk og redningsaksjonar, samt ved sjuketransport.

I motsetnad til dei fleste andre flyplassar er me ikkje drifta av Avinor, men har eigne tilsette både i tårnet og i security-tenesta. Me er til saman 17 tilsette som utfører alle tene-stene som er nødvendig for å drifte lufthamna. Dette betyr eit tett og godt arbeidsmiljø der me blir godt kjende med dei reisande. På Stord Lufthamn møter du alltid eit kjent fjes når du skal ut å reise.

## Lokal forankring og konkurransedyktige prisar

Stord Lufthamn er eigd av Stord kommune og drifta av Sunnhordland Lufthavn AS. Driftsselskapet er eigd av Stord kommune (79%) og Vestland fylkeskommune (21%).

Frå 1. april 2024 er flyruta Stord–Oslo inkludert i statens FOT-ruter (Forpliktelser til Offentlig Tjenesteytelse). Dette er ei offentleg driftsstøttesom sikrar eit godt regionalt flytilbod og regionale arbeidsplassar. For deg som reisande betyr det fleire avgangar og konkurransedyktige prisar på billettane. Me er stolte av å vere den første flyplassen utanfor Avinor som er inkludert i denne ordninga.

© Jørgen Myklebust | Stord Lufthamn

*«Me gler oss over at fleire og fleire nyttar flyplassen, og dei konkurransedyktige prisane våre på direkteruta Stord–Oslo.»*

**Jan Morten Myklebust, lufthamnsjef**

© Stord Lufthamn

© Thomas A. Hjelmen

## TRE GODE GRUNNAR TIL Å REISE MED STORDFLYET:

1. Konkurransedyktige prisar. Fly til Oslo for under 1000-lappen ein veg.
2. Fleire avgangar. Flyruta til Oslo vil gå alle dagar utanom laurdag. Det gjer det fleksibelt for deg som reisande når du skal bestille billett.
3. Gratis parkering og høve for elbillading.

© Thomas A. Hjelmen

© Thomas A. Hjelmen

## FLYPLASSEN

- Stord Lufthamn fungerer som avlastingsflyplass for Bergen Lufthavn.
- Me er base for treningsflyging for fly og helikopter og beredskapsflyplass for ambulanse, søk og redning.
- Ved behov blir me brukt til offshore-flyging til og fra plattformar i Nordsjøen.
- Stord Flyklubb og Bergen Aero Klubb brukar flyplassen til privatflyging.


Me skreddersyr ferie og foretningsreiser

Hamnegata 6, 5417 Stord • Tlf. 53 40 30 60
E-post: stord@gtravel.no • www.reis-stord.no

G TRAVEL
SETTING NEW GOALS

© Samot | Dreamstime.com


Deloitte
© AsterixVS | Dreamstime.com

## NY FOT-RUTE FRA 1.4 2024

# STORD–OSLO PÅ 1 TIME

Direkteruta til Oslo er viktig både for vekst i næringsliv og for privatpersonar som skal ut på reise. Målet vårt er å auke frekvensen på Oslo-ruta og på sikt oppnå 40.000 reisande kvart år.

### 15 flygingar kvar veke

Stordflyet vert operert av flyselskapet DAT (Danish Air Transport AS) og flyg frå 1. april 2024 femten rundturar pr. veke på strekninga Stord–Oslo–Stord. Flytypen er ATR-42 med 46 passasjerseter.

I tillegg til Stord–Oslo flyg DAT rutene Florø–Oslo, Ørland–Oslo, Ørland–Evenes (for Forsvaret) og Røros–Oslo. DAT er den einaste konkurrenten til Widerøe på kortbanenettet.

**Sjå rutetabellar og flystatus her:**

**Bestill din billett her:**

# PÅ INNSIDA AV STORD LUFTHAMN

**Når det nærmar seg avgang og terminalen fyller seg opp med passasjerar, er det hektisk på flyplassen. Men uansett kor travelt det blir, er folka våre like trygge og rolege. Dei jobbar kontinuerleg for at du som reiser skal trivast og føle deg trygg.**

© Stord Lufthamn

# TERJE ALEKSANDERSEN

## TRAFIKKASSISTENT, INNSJEKK, SECURITY

I over tjue år har Terje vore eit kjent ansikt for mange reisande. I jobben som trafikk-assistent tek han seg av alt frå booking og telefonar til innsjekk og sikkerheits-kontroll. Noko av det han trivst best med, er direktekontakten med passasjerane. Dersom du er nervøs for å reise, kan det hjelpe å slå av ein prat og kanskje til og med få ta ein kikk inn i cockpiten.

***«Hjå oss er du ein person, ikkje berre eit nummer på ei passasjerliste. Me ser deg og strekkjer oss langt for at opplevinga skal vera mest mogleg komfortabel for deg».***

© Stord Lufthamn

© Thomas A. Hjelmen

© Thomas A. Hjelmen

# BJØRNAR HATLEVIK
## LUFTHAMNBETJENT

Femten minutt før landing og take-off gjer Bjørnar Hatlevik og kollegaene i brann- og redningstenesta seg klare til utrykking og går i stand-by-modus. Alle sekund er dyrebare om ulykka først er ute. Dei har også ansvar for alt som skjer ute på flyplassen, frå grasklypping og snømåking på rulle-banen, til sjekk av drivstofftankar og vedlikehald på bygningar.

***«Kvar morgon tek me runden og sjekkar at alt brannutstyr er i orden og testar for eksempel vasskanonen på brannbilen. Det er livsviktig at alt fungerer som det skal. Eg synest det er givande å kunna bidra til redningsarbeidet på denne måten. Det er dette eg brenn for!»***

© Stord Lufthamn

© Jørgen Myklebust | Stord Lufthamn

© Stord Lufthamn




# SIGNE KRISTIN HOVLAND

## AFIS-FULLMEKTIG I TÅRNET

Som AFIS-fullmektig har Signe Kristin ansvar for luftrommet over Stord. Frå flytårnet er ho nok den som har best oversikt over lufthamna. Her har ho kontroll på alt frå vêr og vind, rullebanestatus og informasjon om anna lufttrafikk i området.

***«Me observerer og gir informasjon som er naudsynt for at pilotane skal kunna gjera ei sikker inn- og utflyging. Det er betydingsfullt og spanande å få vera ein del av dette, og eg trivst så godt blant kjekke kollegaer her på flyplassen».***

# TRANSPORT OG GRATIS PARKERING

**På Stord Lufthamn er det ingen offentlege transporttilbod. Men det er høve å bestille drosje ombord på flyet, slik at han står klar når du kjem fram. Du kan også også leige bil frå Herz, Avis, Europcar og Sixt.**

**Kjem du med eigen bil, har me gratis parkeringsplass med moglegheit for elbillading. Her står bilen din trygt til du kjem attende.**

ABB

Hamnegata 14, Stord
Mobile: +4798299372
www.abb.com




AkerSolutions

Do you want to solve global energy challenges for future generations?

#PowerTheChange

Din partner - nå og i fremtiden

I ECIT ønsker vi å gi våre kunder førsteklasses rådgivning og veiledning. Ved å kombinere sterk lokal tilstedeværelse med god forståelse av våre kunders behov, sikrer vi at vi kan tilby det beste for våre kunder.

Vi har alt skybasert og kan hjelpe med det meste innen lønn og regnskap.

lborve@ecit.no • www.ecit.com
Tlf. 41 76 92 52/469 79 511

SELMATEC

# Protecting Norway Since 2002

Our services & products are in daily use to limit the possibilities of terrorist acts, smuggling of weapons, explosives and drugs. We not only supply but will support & service your equipment for it's entire lifetime. We are your partner for life.

www.selmatec.no | sales@selmatec.no

# OPPLEV SUNNHORDLAND

Sunnhordland ligg ved inngangen til Hardangerfjorden og har eit unikt landskap der du kjem tett på havet, øyriket, majestetiske fjell og breen som til saman utgjer Sunnhordland UNESCO Global Geopark. Her finn du ei rekkje gode overnattingstilbod og eit mangfald av aktivitetar året rundt.

Visit Sunnhordland er den offisielle reiselivsportalen til regionen, som består av kommunane Austevoll, Bømlo, Etne, Fitjar, Kvinnherad, Sveio, Stord og Tysnes.

På visit visitvestlandet.no og visitnorway.no kan du finne meir informasjon om reise, overnatting og attraksjonar i denne vakre regionen.

**Sjå meir her:**


Stord Hotell

Bad i gode opplevingar, herlege fasilitetar og vårt nyopna basseng!

Book neste overnatting, kurs eller konferanse hos oss

© Thomas A. Hjelmen

# Stord Lufthamn

Flyplassvegen 344, 5410 Sagvåg | billett@stordlufthamn.no | + (47) 53 40 37 00 / 53 40 37 07

***Me har lagt alt til rette for at det skal være både hyggeleg og effektivt å reise til og frå Stord Lufthamn.***

- ✔ Kort reisetid
- ✔ Gratis parkering
- ✔ Kort innsjekkingstid
- ✔ Lading av din elbil
- ✔ Gratis internett

Sjå vår video

JS/NORGE · Concept: JS Media Tools A/S • 11576 • www.jsnorge.no | © Stord Lufthamn